

Til kommunestyret (kopi til formannskapet)

6. mai 2024
J.nr. 157/24

Kontrollutvalets uttale til kommunens årsrekneskap og årsmelding for 2023

Kontrollutvalet har i møte 6.5.24 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023 for Lesja kommune i samsvar med kontrollutvalets ansvar og rolle (jamfør Kommuneloven §14-3 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3).

Kontrollutvalet har basert uttalen på ein gjennomgang av årsrekneskap og årsmelding samt orienteringar frå kommunedirektør og revisor i kontrollutvalmøtet.

Årsrekneskap og årsmelding er gjeve frå kommunedirektør innan fastsette frister (22. februar og 31. mars). Dei gjev ein god oversikt over den økonomiske situasjonen for Lesja kommune pr. 31.12.2023, og innfrir dei lovkrav som er stilte.

Årsrekneskapen for Lesja kommune for 2023 viser eit netto driftsresultat på kr 22 752 091. Handlingsreglane er nådde.

Kontrollutvalet støttar kommunedirektøren si omtale og vurderingar av den økonomiske situasjonen i årsmeldinga for 2023, og gjev ros for ei informativ melding.

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ein revisjonsrapport utan førehald og presiseringar, altså ein rein revisjonsmelding. Revisjonsrapporten er datert 12.4.2024 og er innholdsmessig i samsvar med Kommunelova § 24-8.

Revisor stadfestar at rekneskapen og årsmeldinga er framlagt i tråd med lovar og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk. Vidare at rekneskapen gjev eit rettvise bilete av økonomien pr. 31.12.23 og at informasjonen i årsmeldinga om rekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen. Det ligg ikkje føre nummererte brev frå revisor.

Etter kontrollutvalets på-sjå-ansvar, gjev vi fylgjande informasjon: Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS, men gjev ingen instruksar utover dette. Revisor gjev eigenerklæring på sin uavhengigheit og tilfredstillar krava til kommunal revisor. Kontrollutvalet har ingen informasjon som tilseier at revisjonen ikkje er utført i samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Konklusjon

Kontrollutvalet er ikkje kjent med høve som kan få noko å seie for kommunestyret sin handsaming av årsrekneskap og årsmelding. På grunnlag av kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for Lesja kommune blir godkjente slik dei ligg føre.